

# FJELL KOMMUNE

## DETALJREGULERING – REGULERINGSFØRESEGNER FOR

### GNR. 23, BNR. 4 MFL., ANGELTVEIT VEST

Saksnr. KS. 100/07

Nasjonal arealplan-ID xxxx\_ xxxxxxxx

Vedteken 26.04.2007

Sist revidert 04.12.2007

Saksnr.	Endringsnr.	Vedteken	Sist revidert
KS.100/007	1	22.11.07	
	E2	23.10.2018	12.12.2018

Denne reguleringsføresegnsene gjeld for område vist på reguleringskart datert 29.04.2004 og for mindre endring E2 av avgrensa plankart datert 14.03.2018 i samsvar med Pbl. 2008.

## §1 Allment

1.1

### 1 Byggeområde

- Frittliggende småhusbustader
- Bustader med tilhørende anlegg
- Terrassehus/Lavblokk

### 2 Offentleg trafikkområde

- Køyreveg
- Gang- og sykkelveg

### 3 Spesialområde

- Friluftsområde
- Frisikszone ved veg

### 4 Fellesområde

- Felles avkjørsel
- Felles gangareal
- Felles parkering
- Felles leikeareal for born
- Felles grøntanlegg
- Anna fellesareal for fleire eigedommar

1.2 Planområdet skal nyttast til følgjande føremål etter (Pbl 2008 § 12.5)

#### 1. Bygg og anlegg

- konsentrerte småhus
- kommunaltekniske anlegg
- leikeplass
- uteoppholdsareal

#### 2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- veg
- gangveg
- parkeringsplass

#### 3. Grønstruktur

- Grønstruktur

## §2 Fellesføresegner

(pbl 2008 §12-7)

2.1

Mindre tiltak kan oppførast utanfor byggjegrensa jf. PBL § 29 – 4 b.

2.2

Utforming av bygg/universell tilgjenge  
Bustader skal oppførast slik at dei verkar tiltalande i seg sjølv og i høve til miljøet omkring (utforming, materialbruk og fargesetting). I bustadfelta skal det så langt rå sikrast universell tilkomst.

2.3

Ubygd areal skal ved opparbeiding gjevast ei tiltalande utforming. Eksisterande vegetasjon skal vernast så langt råd er.

2.4

Særskilte skrentar skal sikrast med gjerde eller på annan tilfredsstillende måte. Leikeareal mot veg, gangveg eller parkeringsplass skal sikrast med gjerde.

2.5

Ved sida av desse føresegnsene gjeld plan og bygningslova, kommunen sine føresegner til denne lova og departementet sine føresegner.

2.6

Det er ikkje høve til å inngå privatrettslege avtaler som er i strid med planen når denne er stadfesta.

2.7

Innanfor ramma av plan og bygningslova, kommunen sine føresegner og departementet sine føresegner, kan kommunen gjere unntak frå desse føresegnsene der særlege grunnar talar for det.

## Estetikk

2.8.1

Tomt 3 -7 i FS01, FS02, Tomt 16, 20 og 21 i FS05 og FS06 skal byggjast slik ut at utsjånaden på bustadene i dei einskilde felt får eins preg. Utsjånaden bør varierast mellom dei einskilde felt.

2.8.2

KS01 saman med KS02, KS03 saman med KS04 og B01 skal byggjast slik ut at bygningane i desse gruppene og felta får eins preg.

2.8.3

For dei øvrige tomter skal tiltakshavar sjå til at bygningane får ei god form aleine og saman med dei andre husa. Bygningane skal vera tilpassa tilhøva på den einskilde tomt og landskapet elles.

## Rekkjefølge

2.9.1

Fylkesveg 211

Før bustader innanfor planområdet vert tekne i bruk skal Fylkesveg 211, parsell Polleidet – Landro vere ferdig opparbeidt med 2 køyrebaner og fortau.

2.9.2

Kommunal veg til Angeltveitsjøen

Før bustader innanfor planområdet vert tekne i bruk

skal kommunal veg til Angeltveitsjøen, parsell fra Fylkesveg 211 til avkjøringa til planområdet vere opparbeidt med fortau og køyrebreidde som synt i planen.

#### 2.9.3 Skule

Før det blir igangsett arbeid innanfor området skal det ligge føre ein utbyggingsavtale. Avtalen skal regulere utbyggingstakt for heile planområdet i høve til skulekapasitet.

Tilrettelegging av feltet kan ikkje starta før bygging av ny ungdomsskule på Ågotnes er starta opp.

#### 2.9.4 Leikeplass f\_BLK

Leikeplass f\_BLK skal vere ferdig opparbeida før det kan gjevast bruksløye til nye bueiningar innanfor BKS1-BKS5.

#### 2.9.5 Uteopphaldsareal f\_BUT

Uteopphaldsareal f\_BUT skal vere ferdig opparbeida før det kan gjevast bruksløye til nye bueiningar innanfor BKS4-BKS5.

#### 2.9.6 Før igangsettingsløyve

Før igangsettingsløyve til nye bustader innanfor BKS1-BKS5 skal det etablerast minimum 6 fartshumper i vegen VEG2 i opprinnleig plan (planid 20060038). Fartshumpene skal utformast i tråd med handbok V128.

### §3 Byggjeområde for frittliggende småhusbustader, FS01-07

(pbl 1985 §25, ledd nr.1)

#### 3.1 For desse områda er planen å regne for ein detaljert reguleringsplan.

Planen syner tomtegrenser og byggegrenser. Byggegrensene er grenser for bygging mot veg og naboeigedom. Byggjegrensa gjeld ikkje for garasjar om desse kan plasserast parallelt med veg og avkjørsel formast i tråd med vegtrafikklova.

#### 3.2 Området skal nyttast til frittliggende Einebustader med tilhøyrande garasjer.

Einebustadene kan ha sokkelleilighet om krav om krav til privat uteoppholdsareal og parkering kan dekkes på eiga tomt.

#### 3.3 For dei einskilde felt gjeld følgjande:

Felt	%-BYA
FS01	20
FS02	25
FS03	15
FS04	15
FS05	15
FS06	20
FS07	15

#### 3.4 Det kan byggast i inntil 3 høgder, medrekna loft

og sokkelhøgd/kjellar.

#### 3.5

Bustadene skal ha minimum 200m2 privat uteoppholdsareal som skal ha gode tilhøve for sol og vere skjerma for vind.

#### 3.6

Kvar bustad skal ha minimum 150m2 felles uteoppholdsareal.

#### 3.7

I FS04 på tomt 13 og 14 skal det byggast tomannsbolig.

#### 3.8

FS01 – FS07 skal følgje parkeringsnorma i Fjell kommune.

### §4

### Byggjeområde for konsentrert småhusutbygging, KS01- 04

(pbl 1985 §25, ledd nr.1)

#### 4.1

For desse områda kan kommunen krevje samla detaljert plan for heile området før utbygginga kan ta til. Ein slik detaljert plan skal syne tomtegrenser, byggjegrenser og utforming av dei tilhøyrande områda for Leik og Grønt, slik det framgår av §§ 7.5-6

#### 4.2

Området skal nyttast til konsentrert småhusutbygging.

#### 4.3

For dei einskilde felt gjeld følgjande:

Felt	%-BYA
KS01	35
KS02	30
KS03	35
KS04	35

#### 4.4

Det kan byggast i inntil 3 høgder, medrekna loft og sokkeletasje/kjellar.

#### 4.5

Bustadene skal ha minimum 100m2 privat uteoppholdsareal som skal ha gode tilhøve for sol og vere skjerma for vind.

#### 4.6

Kvar bustad skal ha minimum 150m2 felles uteoppholdsareal.

#### 4.7

KS01-KS04 skal følgje parkeringsnorma i Fjell kommune.

### §5

### Bygg og anlegg

(pbl 2008 §12-5, ledd nr.1)

#### 5.1

#### Bustader – konsentrert – småhus (BKS1-BKS5)

#### 5.1.1

Tal einingar og bruk

På felt BKS1-BKS5 kan det verte oppført konsentrerte småhus i rekke med til saman 34 einingar på følgjande måte:

	BKS1: 7 bustader i rekke BKS2: 4 bustader i rekke BKS3: 6 bustader i rekke BKS4: 5 bustader i rekke BKS5: 12 bustader i horisontalt delte rekker <b>5.1.2 Utforming</b> Bygga kan ha flatt tak. Dei skal vera oppførde i tre og betong og skal vera i jord eller- eller steinfarger. Fargeval kan fråvikast om dette er i samband med å oppnå særeigen arkitektonisk kvalitet for bygningane og bustadområdet.
5.1.3	<b>Byggehøgde</b> Byggehøgda kan vera maksimalt 8,5 meter frå gjennomsnittleg planert terrenget. Byggehøgda er vist på plankartet.
5.1.4	<b>Utnytting</b> Maks utnytting av bustadområda er sett til følgjande: BKS1-BKS5: % BYA = 60%. Kvar bueining skal ha eit privat uteoppahldsareal på minimum 10 m <sup>2</sup> .
<b>5.2 Kommunaltekniske anlegg (f_BKT)</b>	
5.2.1	<b>Bruk</b> Felt for renovasjonssanlegg f_BKT er for postkassar og for renovasjonssystem. Renovasjonssystem skal utarbeidast i samråd med FjellVAR. Feltet er felles for busetnaden på felt BKS1-BKS5. Avfall og overskotsmateriale frå byggeprosessen skal transporterast til godkjend renovasjonsmottak.
5.2.2	<b>Skjerming</b> Det kan setjast opp skjerming kring renovasjonssanlegget.
5.2.3	<b>Utforming</b> Renovasjonssanlegg skal opparbeidast i samsvar med Fjell kommune sin renovasjonstekniske norm.
<b>5.3 Uteoppahldsareal</b>	
5.3.1	<b>Utforming</b> Felles uteoppahldsareal f_BUT skal opparbeidast og plantast til. Det skal setjast opp benker og likande som oppfordrar til bruk. f_BUT er felles for bebruarane innanfor BKS1-BKS5.
5.3.2	For bustadeiningar større enn 65 m <sup>2</sup> skal det setjast av eit minste uteoppahldsareal (MUA) på 100 m <sup>2</sup> . For bustader mindre enn 65 m <sup>2</sup> skal det setjast eit minste uteoppahldsareal (MUA) på 50 m <sup>2</sup> .
5.3.3	Uteareala skal plasserast solvendt, ha ei funksjonell form og skjermast mot ver, vind, forureining, elektromagnetiske felt, støy og biltrafikk/trafikkfare.

	Areal brattare enn 1:3 skal ikkje reknast med som uteoppahldsareal. <b>5.4 Leikeplass (f_BLK)</b>
5.4.1	<b>Bruk</b> f_BLK skal vera felles for busetnaden på BKS1-BKS5.
5.4.2	<b>Utforming</b> Leikeplassen f_BLK skal utstyrt med fleire godkjente leikeapparat, som t.d sandkasse, huske og sklie. Leikeplassen skal tilpassast og vere attraktiv for fleire aldersgrupper, også større barn. f_BLK skal opparbeidast og plantast til. Det skal setjast opp benkar og liknande som oppfordrar til bruk. Leikearealet skal vera universelt utforma. Det skal førast opp gjerde der det er over 0,5 meter høgforskjell til anna areal.
5.4.3	Leikeplassane skal ha gode tilhøve for sol, vere skjerma for vind, forureining og elektromagnetisk stråling. Leikeplassane skal ikkje vere brattare enn 1:3.
<b>§6</b>	<b>Bygeområde for lavblokk B01</b> (tbl 1985 §25, ledd nr.1)
6.1	Kommunen kan krevje detaljert plan som skal syne korleis utbygginga er løyst, tilkomst, parkering samt utforming av dei tilhøyrande områda for Leik og Grønt, slik det framgår av §§ 10.5-6. Bruk av bygeområda sine fellesareal skal då sjåast i samanheng. Detaljplan skal syne samlestativ for postkasser og eventuelle felles oppstillingsplassar for bosspann og / eller felles anordningar for resirkulasjon av avfall.
6.2	Området skal nyttast til terrasserte bustader. Feltet B01 kan ha BYA=65% Det kan byggast 18 bustader i feltet.
6.3	B01 skal ha minimum 10m <sup>2</sup> privat uteoppahldsareal på balkong eller terrasse om dette ikkje er dekka på bakkeplan. Terrassene eller balkongane skal ha gode tilhøve for sol og vere skjerma for vind.
6.4	Kvar bustad skal ha minimum 150m <sup>2</sup> felles uteoppahldsareal.
6.5	Bustadene i B01 skal ha minimum 1,5 parkeringsplass per bueining, som skal vera dekka på felles parkeringsplass P02.

## §7 Offentleg trafikkområde, Veg 1-2

(tbl 1985 §25, ledd nr.2)

### 7.1 Veg 1-2

Veganlegga kan byggast ut i samsvar med tilrettelegginga av planområdet.

### 7.2 Gang- og sykkelveg 01

7.2.1 Areal skal nyttast til veg for gåande og syklande. I særskilte høve kan vegen og nyttast av kjøretøy. Gnr.23, bnr. 118 kan nyte denne vegen som tilkomstveg.

7.2.2 Gang- og sykkelveg skal byggjast før KS03 og/eller KS04 vert tekne i bruk.

## §8 Samferdselsanlegg og teknisk Infrastruktur

(tbl § 12-5, 2.ledd)

### 8.1 Gangveg/gangareal ( f\_SGG )

#### 8.1.1 Bruk

Felt f\_SGG skal opparbeidast som køyrbar gangveg. Gangvegen er felles for busetnaden på BKS1-BKS5.

#### 8.1.2 Utforming

Gangveg f\_SGG skal ha minimum breidd på 3 meter. Gangvegen skal ved parkeringsplass innehå bomsystem for å hindre unødvendig køyring i bustadområdet.

#### 8.1.3 Tilgjenge

Gangvegen skal vera tilgjengeleg for allmenta.

### 8.2 Parkeringsplass (f\_SPP)

8.2.1 Felt for parkering skal etablerast som vist på plankart.

#### 8.2.2 Bruk

Felt f\_SPP er felles for busetnaden på BKS1-BKS5.

#### 8.2.3 Utforming

Antal parkeringsplassar skal vere i samsvar med kommunale føresegner. Det er tillate å føre opp carportar innanfor f\_SPP.

## §9 Spesialområde

(tbl 1985 §25, ledd nr.6)

### 9.1 Friluftsområde, 01-03

9.1.1 Det må ikkje byggast i friluftsområda. Unntak kan

vera mindre bygningar og installasjonar som direkte tenar føremålet. Borns leik skal her reknast å vere del av føremålet.

Slike bygningar og installasjonar må i kvart einskilde tilfelle verta godkjent av kommunen. Det kan anleggjast enkle grusa stiar i områda slik det er vist i plankart.

### 9.2 Frisiktsoner

9.2.1

Områda skal nyttast til frisiktzone for veg. Innanfor dei regulerte frisiktsonene kan det ikkje førast opp sikthindringar eller settast plantar som er høgare enn 0,5 meter over veggan.

## §10 Fellesområde

(tbl 1985 §25, ledd nr.7)

### 10.1 Generelt

Fellesområda skal, når ikkje anna er nemt, Opparbeidast samstundes med dei andre tekniske anlegga i området.

### 10.2 Felles avkjørsel, 01 – 08 og Veg 03.

10.2.1 Felles avkjørsel og veg er felles for alle eideommar som grenser til vegen.

10.2.2 Felles avkjørsel 07 med sideveg skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjeve bygge- og deleloype for brukare av denne.

### 10.3 Felles gangareal, 01

10.3.1 Felles gangareal 01 skal anleggjast som sti for gåande.

10.3.2 Felles gangareal 01 skal anleggjast før KS 01 og 02 vert tekne i bruk.

### 10.4 Felles parkering, P01 – P02

10.4.1 Areal avsatt til felles parkering og / eller gjesteparkering.

10.4.2 Parkeringsplassane skal anleggjast før byggeområda dei grensar til vert tekne i bruk.

### 10.5 Felles leikeareal, Leik 01,02,03,06,07

10.5.1 Felles leikeareal skal saman med dei avsette areal til friluftsområde utgjera eit naturbasert leikemiljø for born. Leikeplassane skal opparbeidast på forskjellig vis slik at dei samla gjev høve til eit vidt spekter av aktivitetar.

10.5.2 Leikeplassane skal ha gode tilhøve for sol, vere skjerma for vind, forureining og elektromagnetisk stråling. Leikeplassane skal ikkje vere brattare enn 1:3.

- 10.5.3 Leikeplassane skal anleggjast før byggeområda dei grensar til vert tekne i bruk.

## **10.6 Felles grøntanlegg, Grønt 01 – 03 og 08**

- 10.6.1 Felles grøntanlegg skal kunne forvaltast av tilstøytande eigedomar. Det er ikke høve til å hindre allmenn ferdsel. Oppsetting av benkar og liknande er tillede.
- 10.6.2 Felles gøntanlegg skal anleggjast før byggeområda dei grenser til vert tekne i bruk. Grønt 08 skal anleggast før B01 vert tekken i bruk.

## **10.7 Anna fellesareal, A.F. 01 – 07**

- 10.7.1 Anna fellesareal 01-07 er avsett til oppsetting av samlestativ for postkasser og eventuelle felles oppstillingsplassar for bosspenn og / eller felles anordningar for resirkulasjon av avfall.
- 10.7.2 Anna fellesareal skal anleggast før byggeområda dei skal tene og grensar til vert tekne i bruk.

# **§11 Grønstruktur**

(tbl §12-5 nr. 3)

## **11.1 Grønstruktur (GN)**

- 11.1.1 Grønstruktur GN skal kunne forvaltast av BKS1-BKS5. Det er ikke høve til å hindre allmenn ferdsel.
- 11.1.2 Det er tillate å leggje til rette for bruk av GN ved utsetjing av benkar og liknande, samt opparbeiding av stiar. Det er også tillate for beburane i BKS1-BKS5 å opparbeide parsellhagar i GN.
- 11.1.3 GN nord for BKS1 og f\_SPP skal beplantast for å skjerme mot tilgrensande nabo.